

## **Avtale mellom Furuly Eldresenter Stiftelsen på gbnr. 149/20 og Austrheim kommune om bygging av ny tilkomstveg til Furuly Eldresenter**

1. Austrheim kommune får fullmakt til å byggja ny tilkomstveg på gnr. 149, bnr. 20 på eigedommen til Furuly Eldresenter Stiftelsen. Denne nye tilkomstvegen skal vera i tråd med byggjeteikning utarbeida av verksemda Haugen VVA datert 01.11.2015 «*Ny adkomst Furuly eldresenter*». Endringar som kan skje på byggjeteikninga før igangsettingssøknad vert sendt til Austrheim kommune skal vera godkjent av begge partar med underteikning av partane på endeleg byggjeteikning. Heile veganlegget skal gjerast ferdig samstundes og vera gjort ferdig i tråd med denne avtalen og byggjeteikninga. Gbnr. 149/17 og gbnr. 149/4 har vegrett på denne nye tilkomstvegen til sine eigedomar om deira eksisterande avkøyring rett på Fv. 565 vert stengt.

2. Furuly Eldresenter Stiftelsen som grunneigar på gbnr. 149/20 gjev fullmakt til Austrheim kommune om å stå for søknadsprosessen om bygging av ny tilkomstvegen på gnr. 149, bnr. 20. Tilkomstvegen skal gå frå Fv. 565 vest for eldresenteret.

3. Den eksisterande tilkomstvegen frå nord på grensa ved gbnr. 149/20, men på eigedom gbnr. 147/17 skal stengjast med bom/port som vist på byggjeteikning slik at berre syklistar, gåande, rullestolar og barnevogner kan nytte denne som gang- og sykkelveg. Austrheim kommune har ansvar for å få opp denne bommen og vedlikehalda denne. Vedlikehald, brøyting og strøing på denne gang- og sykkelvegen har Austrheim kommune ansvar for. Furuly Eldresenter Stiftelsen får gangrett på denne gang- og sykkelvegen, men vegretten til Furuly Eldresenter Stiftelsen på den eksisterande vegen fell vekk når det nye veganlegget med tilkomstvegen er godkjent formelt av det offenlege.

4. Alt arbeidet, ansvaret og kostnadane med veganlegget tek Austrheim kommune seg av. Vegen skal ha status offentleg veg og vert vedlikehalde/brøyta av Austrheim kommune. Austrheim kommune tek og kostnaden med opparbeiding av parkeringsplass for to bilar ved tomannsbustaden i sør på gbnr. 149/20 ved eksisterande kjellarinnangang. Dette må gjerast på ein trafikktrygg måte i samband med anleggsarbeidet.

5. Austrheim kommune tek ansvaret og kostnad med at tilkomst vert sikra for køyrety på austsida og inntil inngangane til tomannsbustaden i sør på gbnr. 149/20.


6. Austrheim kommune tek ansvar for at fine murar som før vert sett opp i vegkanten på nordaustsida av ny tilkomstveg og mot plen. Austrheim kommune tek ansvar for at veganlegget vert lagt fint i terrenget og at det vert rydda fint opp ved Furuly Eldresenter før arbeidet med veganlegget vert avslutta.

7. Avtalen trer i kraft etter positivt politisk vedtak i Austrheim kommune. Om ikkje positivt vedtak er gjort innan 6 månad fell avtalen ut.

8. Avtalen kan tinglysast.

9. Ved misleghald av avtalen gjeld lov om tvistemål.

  
**Per Lerøy**  
Ordførar

  
**Furuly Eldresenter Stiftelsen, gbnr. 149/20**